



INVITASJON TIL SONGARSTEMNE PÅ SKEI 24 -25 MAI, 2025



SkeiVass-koret og Norges Korforbund Sogn og Fjordane inviterer til songarstemne i helga 24. til 25. mai 2025. Vi gler oss til å sjå dykk i Jølster, og ser fram til at de kjem og er med å fyller bygda vår med korsong og vårstemning.

SkeiVass-koret er eit blandakor med 20 korsongarar frå heile bygda.

Stemnestaden er [Thon hotel-Jølster](#). Her vert profankonserten laurdag arrangert, og om kvelden middag og dans.

Prisen for overnatting på hotellet er 1295,- pr. natt for enkeltrom og 1495 for dobbeltrom, inkl. frukost. Pris for middag/dans kjem vi tilbake til.

Campingplass og andre overnattingsstader finst også i nærområdet.

Søndag reiser vi 5 km fram til Helgheim kyrkje, der vi har kyrjekonsert.

Vi gler oss og ynskjer dykk velkomne til Jølster!

Helsing SkeiVass-koret

